

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 22.03.2024

Vår ref.: 202404727-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Avgrensa høyring av søknad om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for Lio kraftverk i Tokke kommune

Det er kome inn ein søknad til NVE frå Statkraft Energi AS om løyve til å fråvike restriksjonane om nedkøyringshastigheita på Lio kraftverk i perioden 06.05.2024 – 08.05.2024. Statkraft skal gjennomføre test av øydrift på Lio, Byrte og Åmdal for å sjekke om forsyningstryggleiken er ivaretatt. I samband med dette er det eit auka sannsyn for brot på kravet om nedkøyringshastigheita på Lio kraftverk.

Søknaden er lagt ut på NVE si nettside: www.nve.no/9314/V.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at kunngjering og brei offentleg høyring er naudsynt. Søknaden om mellombels løyve vert difor berre sendt på avgrensa høyring til Tokke kommune, Telemark fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. NVE ynskjer tilbakemeldingar knytt til momenta i søknaden. Me ynskjer òg tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessantar som bør få høve til å uttala seg.

Eventuelle kommentarar kan sendast på e-post til htjo@nve.no. Merk e-post med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202404727 i emnefeltet.

Frist for innsending av høyringsfråsegn er:

23.04.2024

Med helsing

Brit Torill Haugen
fagleiar

Hanne Tjoflot
førstekonsulent

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner



Mottakarliste:

TOKKE KOMMUNE

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMAR

TELEMAR FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

STATKRAFT ENERGI AS

STATKRAFT ENERGI AS - Hallgeir Aarbakk